



RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLO

Dato: 24.04.2018
Vår ref.: 2018/8568-6
Saksbehandlar: ambrein
Dykkar ref.:

Søknad om dispensasjon frå kulturminnelova med heimel i § 8, 4. ledd for automatisk freda kulturminne Askeladden-id 95514 i samband med områdeplan for Rong senterområde - gnr. 38 bnr. 500 m.fl. - Øygarden kommune - Hordaland fylke

Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren, oversender med dette søknad om dispensasjon frå kulturminnelova med heimel i § 8 fjerde ledd for automatisk freda kulturminne, Askeladden id 95514, i samband med høyring og offentleg ettersyn av områderegulering for Rong senterområde, gnr. 38 bnr. 500 mfl., Øygarden kommune, Hordaland fylke.

Føremål med planforslaget

Hovudføremålet med planen er fortetting og vidareutvikling av kommunesenteret på Rong. Området skal få tydelegare tettstadpreg med miljøgate og eit tettare utbygd sentrum, og Rong skal vere eit kommunalt servicesenter med eit mangfold av funksjonar og aktivitetar. Områdereguleringa skal leggje til rette for stadutvikling som i større grad knyter seg mot sjøen og tilgrensande grøne kvalitetar. Planområdet er omlag 620 daa, og regulerer bustader, offentleg og privat tenesteyting, infrastruktur og grøntareal. Planforslaget er i tråd med overordna planar. I kommuneplanens arealdel (2014-2022) er området vist med føremål «bebyggelse og anlegg» og omsynssone H710, bandlegging for regulering etter plan- og bygningslova. I kommunedelplanen som er under utarbeiding for Rongøy er arealet som inngår i områdeplanen vist som sentrumsføremål. Tiltakshavar er Øygarden kommune. Multiconsult er utførande konsulent.

Bakgrunn

Øygarden kommune varsla om oppstart av arbeid med områderegulering av Rong senterområde og høyring av planprogram i brev datert 13.11.2012 (vedlegg 1). Hordaland fylkeskommune varsla då trond for arkeologiske registreringar i planområdet for å oppfylle undersøkingsplikta jf. § 9 i kulturminnelova (vedlegg 2). Kostnadsoverslaget for arkeologisk registrering vart godkjend av Øygarden kommune i brev datert 05.02.2013 (vedlegg 3), og den arkeologiske registreringa vart gjennomført i perioden 21.06.-19.07.2013. Det var frå før kjend ein steinalderbuplass i planområdet; Askeladden id 95514. Denne vart avgrensa under registreringa i 2013. Det vart ikkje påvist nye automatisk freda kulturminne i planområdet, men det vart gjort spreidde funn av flint, tolka som ikkje freda funnstader. Sjå registreringsrapport 33-2013 (vedlegg 4).

Planforslaget vart lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i brev datert 14.03.2018 (vedlegg 5). Planområdet vart no også noko utvida i vest. I brev datert 26.03.2018 varsla Hordaland fylkeskommune trond for tilleggsregistrering i den utvida delen av planområdet, og informerte Øygarden kommune om at reguléringsplanen er i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne og varsla trond for inntil 3+1 månader utsett frist jf. kulturminnelova § 9 (vedlegg 6). I brevet vert det også sett krav om at plankartet vert revidert slik at kulturminnet id 95514 vert vist som føresegnsområde i plankartet. Utsett frist og kostnadsoverslag for arkeologisk registrering vart godkjend av Øygarden kommune i e-post datert 28.03.18.

I e-postar datert 12.04.18 og 16.04.18 oversende Multiconsult revidert plankart og føresegner, der lokalitetsavgrensinga til det automatisk freda kulturminnet er vist som «Føresegsområde #14» (plankart datert 12.04.18, vedlegg 7). Arkeologisk registrering vart gjennomført 20.04.2018, utan nye funn av automatisk freda kulturminne.

Kjende kulturminne i området

Planområdet ligg nord på Rongøy, og omfattar Rong lokalsenter med bustadområde. Fv 561 går gjennom Rong sentrum, og planområdet er i dag i stor grad utbygd. I Øygarden kommune er det generelt gode tilhøve for busetnad frå steinalderen. På Rongøy er det kjend til saman fire steinalderlokalitetar (Askeladden id 91233, 95514, 95515, 126813). To av desse lokalitetane, 95514 og 91233, har bruksfasar frå både steinalder og eldre jernalder. Vidare er det kjend fleire funnstader utan vernestatus (Askeladden id 91235, 172015), og eit fiske-/fangstsysteem frå nyare tid (Askeladden id 102106). Lengst sør på Rongøy ligg eit område med båtopptrekk og fjæremannstufter (Askeladden id 15836).

Det omsøkte kulturminnet – steinalderlokalitet id 95514

Innafor planområdet for områdeplan Rong senterområde er det i dag kjend eitt automatisk freda kulturminne; ein lokalitet med busetnad/aktivitetsspor frå steinalder og eldre jernalder. Kulturminnet inngår i søknad om dispensasjon frå kulturminnelova med heimel i kml § 8.4. Kulturminnet ligg tett på Fv 226 sørvest i planområdet, og er vist med føresegsområde #14 i plankart datert 12.04.18.

Askeladden id 95514 – Busetnads-/aktivitetsområde frå eldre steinalder og eldre jernalder

Det omsøkte kulturminnet vart påvist ved arkeologisk registrering i 2000, i samband med reguleringsplan for gang-/sykkelveg langsmed delar av Fv 226. Lokaliteten vart då påvist både sør og nord for fylkesvegen. Nord for vegen vart det berre grave eitt funnførande prøvestikk i 2000, og under den arkeologiske registreringa i 2013 vart det difor grave fleire prøvestikk her for å avgrense lokaliteten. Etableringa av Fv 226 på 1970-talet og gang-/sykkelveg på 2000-talet har skada lokaliteten, og i dag er det berre delar av lokaliteten, nord for Fylkesvegen, som er att.

Lokaliteten ligg like nord for Fv 226, om lag 11 moh på ei austvend hylle, innanfor hagen på gnr 38 bnr 640. Lokaliteten er avgrensa av fylkesvegen i sør, tilkomstveg til bustadene i vest, bustad i nord/nordaust og utfylt område i aust. Lokaliteten har ei utstrekning på omlag 770 m², som famnar heile hagens areal. Lokaliteten vart påvist ved eitt funnførande prøvestikk under den arkeologiske registreringa i 2000. I 2013 vart det grave 11 nye prøvestikk, kor ni prøvestikk var funnførande. I eitt av prøvestikkene vart det påvist ei mogleg kokegrop (S1). Utstrekninga til den mogleg kokegropa vart avdekka manuelt i flaten, sjå vedlegg 4.

Stratigrafi og funn

Stratigrafien i dei funnførande prøvestikkene består av eit torvlag som er mellom 9-19 cm tjukt, og under dette to funnførande lag; B og C. Lag B er eit grus- og sandhaldig lag, 15-42 cm tjukt, som jamt over har moderne innslag (glas, teglstein, jernbitar). Lag C, 9-23 cm tjukt, er sand- og grushaldig med innslag av trekolbitar. Det vart ikkje påvist moderne innslag i dette laget. Stratigrafien knytt til strukturen S1 er noko annleis enn stratigrafien elles på lokaliteten, sjå rapport frå registreringa (vedlegg 4).

Det vart gjort til saman 321 funn på lokaliteten i 2013, og funna fordeler seg i dei stratigrafiske laga B, C, 2, 3 og 4. Råstoffa er flint, kleber, kvartsitt, kvarts, mylonitt og bergkrystall. Av tilverka reiskapar og diagnostiske typar er det funne eit fiskesøkke av kleber, borspiss på flekke, ein skiveskrapar, fleire bipolare kjerner, ei konisk kjerne, mikroflekker og ein mogleg tangespiss. Det er ei auking i funnfrekvens i området som omfattar PS4, PS7, PS8, PS9, PS10 og sjakt 11. Funnsamansetninga speglar to fasar for busetnad/aktivitet på lokaliteten, ein i seinmesolitikum og ein i eldre jernalder. For fullstendig oversikt vert det vist til funntabell i registreringsrapporten (vedlegg 4).

Tidfesting

Mikroflekker, eit fiskesøkke og ein konisk kjerne er typologisk diagnostiske for seinmesolitikum: 6400-4000 f.Kr. Det vart teke ut to C14-dateringar frå strukturen S1. Lag 1 (VP5) vart datert til 390-540 e.kr; overgangen romertid/folkevandringstid. Lag 2 under S1 vart datert til 5740-5660 f.kr.; første halvdel av seinmesolitikum (VP6). I tillegg vart det teke ut ein jordprøve (VP4) frå snitting av dei øvste lag av S1, med ei datering til 250-410 e.kr. Lokaliteten har med bakgrunn i høgda over havet og samansetninga i funnmaterialet, samt C14-datering, ei datering til seinmesolitikum, 6400-4000 BC, og til eldre jernalder.

Fylkeskommunen sin tilråding

Vestlandskysten har hatt gode tilhøve for steinalderbusetnad, og i Øygarden kommune er det kjend eit stort tal steinalderlokalitetar. Lokaliteten id 95514 er såleis ikkje ein sjeldan førekommende kulturminnetype i området. Lokaliteten har også spor etter aktivitet i eldre jernalder, som er noko mindre vanleg i Øygarden kommune. Lokaliteten er skadd som følgje av etablering av fylkesveg 226 og seinare ved etablering av gang- og sykkelveg, og truleg også ved grøftegraving og andre aktivitetar i hagen. I tillegg er det etablert vegareal i vest, og bustadhuset er etablert i nord. Dei ulike gjennomførte tiltaka i området gjer at den opprinnelege konteksten til lokaliteten er vanskeleg å lese, og lokaliteten må seiast å ha låg formidlings- og opplevingsverdi. Minst halvparten av den opprinnelege sørlege delen av lokaliteten er øydelagd i samband med tidlegare tiltak i området. Hordaland fylkeskommune vurderer at den beste løysinga for dette kulturminnet er å sikre det vitskaplege kjelde materialet for framtida gjennom ei arkeologisk utgraving. Hordaland fylkeskommune rår til at Riksantikvaren gjev løyve til inngrep i det automatisk freda kulturminnet Askeladden id 95514 med vilkår om arkeologisk utgraving.

Vi ber om tilbakemelding i saka innan **06.06.2018.**

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Ambjørg Reinsnos
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
UNIVERSITETET I
BERGEN
ØYGARDEN KOMMUNE

Vedlegg

- 1 Varsel om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn - områdeplan for Rong senterområde - gnr. 38 bnr. 500 m.fl. - Øygarden kommune
- 2 Krav om arkeologisk registrering - områdeplan for Rong senterområde - gnr. 38 bnr. 500 m.fl. - Øygarden kommune - Hordaland fylke
- 3 Aksept av kostnadsoverslag 2013 - områdeplan for Rong senterområde - gnr. 38 bnr. 500 m.fl. -

Øygarden kommune - Hordaland fylke

- 4 Rapport 33-2013 -Arkeologisk registrering - områdeplan for Rong senterområde - gnr. 38 bnr. 500 m.fl.
- Øygarden kommune - Hordaland fylke
- 5 Varsel om høyring og offentleg ettersyn av områdeplan for Rong senterområde, Øygarden kommune
- 6 Mellombels kulturminnefagleg fråsegn, krav om utsett frist med meir
- 7 Plankart Rong senterområde
- 8 Føresegner Rong senterområde